



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: 9147eb86-7ce5-40d0-a932-  
2495add9e510

Vår: 22/1155 - 23/1314

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

06.02.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - sprenging og planering av tomt - gbnr 6/104

**Administrativt vedtak. Saknr: 015/2023**

**Tiltakshavar: Masfjorden kommune**

**Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS**

**Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1**

### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a løyve til tiltak i eitt-trinn for planering og sprenging på tomt på gbnr 6/104 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og tilhøyrande snitt, datert 07.10.22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Planering skal vera 15 m frå senterlinje fylkesveg.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via Dragseidevegen.
4. Løyve til avkøyrsløse er tidsavgrensa til 1. år, alternativt skal avkøyrsløse frå fylkesvegen opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan for Risnes tomteområde.
5. Siktsona vist i reguleringsplan skal ryddast før oppstart av tiltaket.

### Grunngjeving:

Tiltaket er i samsvar med gjeldande kommuneplan for Masfjorden 2018-2030.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS		S	1	Søkjjar
PRO	SH Oppmåling AS	913864344	S	1	Prosjekterande
UTF	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Utførande

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## SAKSUTGREIING:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om sprenging og planering av del av gbnr. 6/104. Totalt areal er 6950 m<sup>2</sup>, i følgje situasjonsplan vedlagt søknad er det planlagt planert ca. 2800 m<sup>2</sup>, som ligg nærmast Dragseidevegen.



### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-Spreidd næring, NÆ-07 i kommuneplanen.

«Planen har slik konklusjon:

.....

*Tiltaket vert difor lagt inn med føremålet LNF – spreidde næringsbygningar. Dette stiller krav til at moment knytt til overvatn og støy vert handtert tilstrekkeleg i byggesak. I tillegg må tiltaket sin karakter samsvara med føremålet.*

*Konklusjon etter offentlig ettersyn: Føresegnene vert endra i LNF-spreidd næring, slik at industri er teke ut, og eigen formulering som skal avgrense/ stoppe tiltak som forureinar og har støyande aktiviteter. I tillegg vert det definert ei avgrening med maksimum 25 % BYA i desse områda.»*

Tomten grensar opp til reguleringsplan for Risnes Tomteområde, Dragseidevegen, plan ID 126620120004 I føresegnene her er det rekkefølgekrav om godkjenning av at avkøyrsløse til fylkesvegen skal vera godkjent av vegeigar før det vert gjeve ferdigattest på fritidshus/ bustad i området. Det er ikkje gitt føringar eller rekkefølgekrav til opparbeiding av næringsarealet, då denne planen ikkje heimlar tilkomst til gbnr. 6/104.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrænse mot veg.

### **Landbruksfagleg uttale**

Det er ikkje henta inn landbruksfagleg uttale, då området består av myr/ vatn og berg med tynt vegetasjonsdekke på.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Vestland fylkeskommune, som er vegeigar til FV570, har hatt søknaden til uttale. Dei ber om at det ikkje blir planert nærare enn 15 m frå midtlinje til fylkesvegen. Dei ber og om at det blir etablert siktsone slik det går fram av reguleringsplanen og at løyvet for arbeidet på gbnr. 6/104 får ei avgrensa tid inntil avkøyrsla er opparbeid iht. reguleringsplanen.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedommen har sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Avtalen er tinglyst.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Vurdering:**

Tiltaket er delvis kome i stand for å nytta overskotsmassar frå anna kommunalt byggjeprojekt. Det er derfor no berre søkt om planering og sprenging av delar av arealet i samsvar med plan og snitt-teikningar. Det blir difor ikkje etablert noko bygg, vass-, avløps- eller overvassanlegg i denne saka.

### **Konklusjon:**

Det vert gjeve løyve til sprenging og planering av del av gbnr. 6/104 vist på situasjonsplan jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS    Kvingebakkevegen 5981  
97

Masfjordnes